



Skodje kommune
Kultureininga



Kommunedelplan for fysisk aktivitet

2013-2025

med handlingsprogram 2013-2017.

Terje Nadsen

Forord

Denne planen ønskjer å legge til rette for systematisk og langsiktig folkehelsearbeid.

I arbeidet med kommunen sin oversikt over helsetilstanden 2012 uttrykte kommunens helsepersonell at inaktivitet er ei av dei største utfordringane vi har i åra framover.

Mange vel å trene, men kvardagsaktiviteten har minska mykje hos dei aller fleste.



Inaktiviteten medverkar til mange av dei livsstilssjukdomane som kostar samfunnet vårt mykje pengar. Å leggje til rette for at fleire vel å vere i meir fysisk aktivitet, vil på lang sikt spare samfunnet for utgifter.

Fysisk aktivitet er på mange måtar blitt unødvendig i samfunnet vi lever i. Det er for eksempel enklare å ta bil enn å gå, mange har stillesittande arbeid og vel å tilbringe fritida framfor tv og pc.

Det er i større grad blitt opp til kvar enkelt å velje å vere fysisk aktiv. Eit val som gir stor fridom og stort ansvar – for eiga helse, men også for barnas helse.

Som vaksne vel vi ikkje berre vår eigen livsstil.

Vi veit at gode vanar som blir lagt i barndomen (i heim, barnehage, skule og fritid), er lettare å halde på gjennom livet.

Kommunen har ei utfordring i å legge til rette for alle innbyggjarar, og syte for at det finst tilbod og mulegheiter til fysisk aktivitet utanfor konkurranseidretten og det lovpålagde tilbodet i skulane.

Fysisk aktivitet femnar breidt og det er store mulegheiter for integrering uavhengig av alder, interesse og funksjon, noko som også vil vere med på å utjamne sosial ulikskap.

Aktivitetar skaper sosiale møteplassar, som er med på å gi auka livskvalitet og god helse i ein god bukommune!

Når vi veit at fysisk aktivitet er helsefremjande på lang sikt, og samtidig er ei kjelde til glede og meistring her og no – då burde vi straks gå i gang!

Innholdsliste

Forord	s 2
1. Innleiing og bakgrunn for planen	s 4 - 5
2. Definisjonar	s 5 - 6
3. Utviklingstrekk i kommunen	s 6 - 7
4. Kommunens idretts- og friluftspolitikk	s 7
5. Mål for planen	s 7
6. Resultatvurdering av førre plan	s 8 - 11
7. Forhold til andre planar	s 11 -13
8. Medverknad	s 13
9. Sikring av område for fysisk aktivitet	s 13 - 14
10. Allemannsretten	s 15
11. Status av nosituasjonen i kommunen	s 15 - 17
12. Analyse av behov for aktivitet og anlegg	s 17
13. Kortsiktig handlingsprogram for anlegg 2013-2017	s 18 - 23
14. Drift og vedlikehald	s 24
Kjelder	s 24

1. Innleiing og bakgrunn for planen

Forskning viser at fysisk aktivitet gir overskot, helse og trivsel, og er nødvendig for normal vekst og utvikling blant barn og unge. Fysisk aktivitet er og med på å førebygge og behandle helseproblem og sjukdommar. Med Lov om folkehelsearbeid (01.01.2012) har kommunane fått eit større ansvar for det førebyggjande og helsefremjande arbeidet. Formålet med den nye folkehelselova er å bidra til ei samfunnsutvikling som fremjar folkehelse, herunder utjamning av sosiale helseforskjeller. Folkehelsearbeidet skal fremje befolkninga si helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og medverke til å førebygge psykisk og somatisk sjukdom, skade eller lidning. Lova skal sikre at kommunar, fylkeskommunar og statlege helsestyresmakter set i verk tiltak og samordnar si verksemd i folkehelsearbeidet på ein forsvarleg måte. Lova skal legge til rette for eit langsiktig og systematisk folkehelsearbeid.

Dei generelle nasjonale anbefalingane om fysisk aktivitet for vaksne er at alle bør vere moderat fysisk aktive i til saman minimum 30 minutt kvar dag. Barn og unge bør ha minimum 60 minutt fysisk aktivitet kvar dag.



Handlingsplan for fysisk aktivitet (2005-2009) blei utarbeidd av åtte departement og hadde som målsetting å auke andelen barn og vaksne som lever etter anbefalingene. Dette med bakgrunn i at fysisk inaktivitet blir sett på som framtidas store helseutfordring. "Den enkelte har et ansvar for egen helse og står ansvarlig for sine valg (...) Samfunnet kan og bør påvirke de individuelle valgene gjennom å tilføre kunnskap og påvirke holdninger. Dette må imidlertid suppleres med tiltak som gjør de sunne valgene enklere og mer attraktive." *Handlingsplan for fysisk aktivitet (2005-2009) Sammen for fysisk aktivitet.*

Friluftslova har som formål å sikre ålmenta sin rett til ferdsel, opphald m.v. i naturen, slik at høvet til å utøve friluftsliv som ein helsefremjande, trivselskapande og miljøvennleg fritidsaktivitet blir teke vare på og fremja.

Fylket sin transportstrategi for gåande og syklande i Møre og Romsdal 2010-2019 har som målsetting å bygge vesentleg meir gang – og sykkelveggar i fylket, og å bli eit føregangsfylke på dette området.

Tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet - spelemlidar

I føresegrer om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2011, utgitt av kulturdepartementet, står det i innleiinga under statleg anleggspolitikk::

"Staten har som mål å medverke til bygging og rehabilitering av infrastruktur slik at så mange som råd kan drive idrett og fysisk aktivitet. Det offentlege har likevel ikkje ansvar for å etablere anlegg for alle typar særiddrettar og dugleiksnivå i alle lokale samanhengar. Det er viktig og naudsynt at det vert gjort trongsvurderingar på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. I den samanhengen er det viktig for staten å framheve at dei viktigaste målgruppene for bruk av spelemlidar til idrettsføremål er born (6–12 år) og ungdom (13–19 år).

Spelemlidar til bygging og rehabilitering av idrettsanlegg skal medverke til ein infrastruktur som gjev folk høve til å drive både eigenorganisert aktivitet og aktivitet i regi av den frivillige medlemsbaserte idretten.

Anlegg i lokalmiljøet som stimulerer og tilfredsstiller borna sin trong for fysisk aktivitet i organiserte eller eigenorganiserte former, vert prioriterte særskilt.

Når det gjeld ungdom, er det eit mål å utvikle anlegg som tilfredsstiller ungdomen sin trong for utfordringar og variasjon. Ungdom må gjevast høve til å medverke i utforminga av anlegg. Anlegga bør fungere som gode sosiale møteplassar i lokalsamfunna. Spelemlidlar til bygging og rehabilitering av nærmiljøanlegg og anlegg for idrett og fysisk aktivitet med stort brukspotensial er sentrale verkemiddel for å innfri dei statlege måla på anleggsfeltet.”

Statlege styresmakter har sidan 12.10.88, jmf rundskriv V-55/88, stilt krav til kommunale langtidsplanar for utbygging av idrettsanlegg som føresetnad for å tildele spelemlidlar.

Kommunedelplan for fysisk aktivitet er utarbeidd med støtte i rettleiar frå Kulturdepartementet; "Kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet" (V-0798).

Planen omfattar ein langsiktig del (10-12 år), og ein kortsiktig del med prioritert handlingsprogram for dei neste 4 åra.

Oppstarten av arbeidet vart gjort kjent for aktuelle aktørar. Her vart innbyggjarar, institusjonar og lag og organisasjonar oppmoda til å kome med innspel til planarbeidet.

Kommunedelplanen bør rullerast kvart fjerde år, men det reviderte handlingsprogrammet skal reviderast kvart år. Førsteutgåva av planen vart vedteken av Skodje kommunestyre 20.12.94.

2. Definisjonar

Idrett og fysisk aktivitet

Idrett

Idrett er aktivitet i form av konkurranse eller trening i den organiserte idretten.

Fysisk aktivitet

Fysisk aktivitet er eigenorganiserte trenings- og mosjonsaktivitetar, inkludert friluftsliv og leikprega aktivitetar.

Friluftsliv

Miljøverndepartementet definerer friluftsliv som opphald og fysisk aktivitet i friluft, med sikte på miljøforandring og naturopplevingar. Kulturdepartementet vel å la friluftsliv inngå i omgrepet fysisk aktivitet.



Klassifisering av anlegg og område

Idrettsanlegg vert ofte gruppert etter *anleggstype* og *anleggskategori*.

Anleggstype fortel kva slags aktivitetar som det er naturleg å drive på anlegget, til dømes fotballbane, symjehall, hoppbakke og så vidare.

Anleggskategori fortel kva geografisk område anlegget skal dekke, korleis det ligg i høve til brukarane og kva funksjon anlegget skal ha.

Følgjande kategoriar blir brukt:

Nærmiljøanlegg

Kommuneanlegg

Fylkesanlegg

Nasjonalanlegg

Nærmiljøanlegg

Med nærmiljøanlegg er meint anlegg eller område for eigenorganisert fysisk aktivitet, hovudsakleg i tilknytning til bu- eller opphaldsområde. Med nærmiljøanlegg er meint berre utandørsanlegg.

Kommuneanlegg

Mindre kommuneanlegg (lokanlegg) skal dekke behov for konkurransar etter gjeldande reglar på lag- og kretsplan. Felles anlegg med skule kan vere aktuelt.

Større kommuneanlegg er anlegg som dekker behovet for ein eller fleire idrettar for heile eller ein større del av kommunen. Enkelte anlegg kan ha funksjon også for andre kommunar. Desse anlegga skal dimensjonerast og utformast slik at dei tilfredsstiller krava til konkurransar på kretsplan og eventuelt nasjonale konkurransar.

Fylkesanlegg

skal lokalisera, dimensjonerast og utformast slik at dei tilfredsstiller krava for å arrangere norske meisterskap og/eller dekker spesielle konkurranse-/treningsbehov for heile fylket eller ein større region av fylket.

Riksanlegg

er eit anlegg for ein særiddrett med ein standard som gjer det mogleg å arrangere internasjonale meisterskap i vedkomande idrett.

Anlegg og område for friluftsliv

Anlegg og område for friluftsliv kan klassifiserast ut frå bruksformål eller plassering i høve til brukarane sin bustad.

Bruksformål fortel kva aktivitet anlegget, området eller tilrettelegginga er berekna for, til dømes bading, skitur, fottur, med meir.

Plassering fortel om området sin avstand til hovudtyngda av brukarane sin bustad som:

Nærområde i og ved busetnaden for dagleg bruk og ein avgrensa del av dagen.

By- og tettstadnære område.

Dagsutfarts- og ferieområde for heildags- eller fleirdagsturar.

Nærmiljøanlegg og ordinære anlegg.

I det prioriterte handlingsprogrammet vert det etter sentrale retningslinjer sett opp prioriterte lister i to kategoriar; *nærmiljøanlegg* og *ordinære anlegg*.

Under ordinære anlegg kjem også rehabilitering av eksisterande anlegg. Ordinære anlegg vil seie anlegg for organisert idrett og fysisk aktivitet.

3. Utviklingstrekk i kommunen

Skodje kommune er ein av dei kommunane i fylket som har størst prosentvis auke i antal innbyggjarar.

60% er under 45 år, og i dei siste 10 åra har kommunen fått fleire nye bustadområde, spesielt med stor tilflytning av barnfamilier. Prosentdelen eldre over 80 år i kommunen er lågare enn landsgjennomsnittet.

På lik linje med landet elles ser vi endringar i livsstil, med auka inaktivitet og overvektsproblematikk fordelt i alle aldersgrupper.

Skodje kommune har også ein aukande tendens til sosiale forskjellar.

Vi har ei mindre gruppe i befolkninga med høg utdanning og høg inntekt, og ein veksande del unge vaksne utan utdanning, men med stor gjeld.

Tett utbygging i kommunen har dei siste åra skapt mange fleire gjennomgangsbustader (leiligheiter, rekkarhus, tomannsbustader) og færre einebustader. Dette er sjølvstendig med på å påverke befolkningssamansetninga.

Særleg dei siste ti åra har helseforskjellane auka i Norge. Det gjeld både fysisk og psykisk helse, og både barn og vaksne. Utjamning av sosiale helseforskjellar er derfor ei viktig målsetjing i folkehelsearbeidet.

Den store delen av barn og unge i kommunen, og stadig større behov for kommunens tenester blant barn og barnefamiliar, viser at folkehelsearbeidet må ha stort fokus mot desse gruppene. Tiltak inn mot barnehagar og skular vil vere viktig for å redusere ulikskap i sosial helse.

4. Kommunens idretts- og friluftspolitikk

Skodje kommune har ein visjon om å vere den gode bukommunen – med mangfald, utfordringar og trivsel.

I samfunnsdelen til Skodje kommune sin kommuneplan, vedteke i 2007, finn vi føringar og målsettingar som på mange måtar styrkar tiltaka for fysisk aktivitet. I kommuneplanen kan vi blant anna finne mål innafor oppvekst og bumiljø, kultur, idrett og friluftsliv som er viktig å legge til grunn for arbeidet med kommunedelplanen.



5. MÅL FOR PLANEN

Hovedmål for planen er at fleire av Skodje sine innbyggjare kan leve opp til statens anbefalingar om fysisk aktivitet, dvs 30 min/dag for vaksne og 60 min/dag for barn og unge.



Kommunedelplan for fysisk aktivitet skal og bidra til å:

Tilrettelegge for fysisk aktivitet med vekt på tilgjenge for alle, dvs. medverke til at det finst lokale lavterskeltilbod og gode høve for fysisk aktivitet i fritida og på viktige arenaer som barnehage, skule og arbeidsplass. Sikre areal for leik, friluftsliv og idrettsaktivitetar, og samordne behova for desse Rullere handlingsprogramma slik at stadig nye prosjekt har høve til å

søke spelemidlar.

Avklare kommunen og organisasjonane sine oppgåver, ansvar og økonomiske plikter ved utbygging og drift av anlegg og område for idrett og friluftsliv.

6. Resultatvurdering av førre plan

Handlingsområde og tiltak som er skildra i førre plan s 9-11 under "Handlingsplan for utvikling av idrett og fysisk aktivitet i Skodje", bygger på ein "Framtidskveld" med Møre og Romsdal idrettskrets v/Siri Ask Fredriksen i Skodje den 6.mars 2008, og på andre innspel som er kome fram. Kvelden kom i stand etter invitasjon frå Skodje idrettsråd og Skodje kommune, og samla idrettslaga og representantar frå kommunen.

Gruppearbeidet ga følgjande resultat, etter kreativt, konstruktivt og godt arbeid i alle grupper:

Aktivitet

Kva skal gjerast?	Korleis skal det gjerast?	Kven skal gjere det?	Når skal det gjerast?	Resultat pr 2012
Engasjere aldersgruppa 12-18 år: Ball aktivitet, ungdomsklubben	- Ein må bli flinkare å gi ungdom ansvar - Ein må vise tillit og vere positiv til engasjement frå ungdommane slik at dei får påverke kva aktiviteter dei sjølv ønsker (ikkje overorganisere dei) - Ungdommane må få trenaroppgåver	Kommunen, FAU, idrettslaga og andre frivillige organisasjonar	Snarleg	Skodje frilynde ungdomslag har brukt ungdommar som danseinstruktørar. MOT-satsinga har skapt engasjement og medverknad hos ungdom i fleire samanhengar. Elles viser ungdomsrådet seg å vere eit viktig organ for at ungdommane kan ta initiativ og medverke i det som skjer.

Kompetanse

Kva skal gjerast?	Korleis skal det gjerast?	Kven skal gjere det?	Når skal det gjerast?	Resultat pr 2012
Trenarkurs Leiarekurs	Sende trenarar/leiarar på kurs Internopplæring	Organisasjonane	Ved behov	Skodje idrettsråd inviterer årleg til kurs. Folkehelsekoordinator har halde aktivitetsleiarkurs
Opplæringsplan	Organisasjonane utarbeider ei opplæringsplan	Organisasjonane	I løpet av perioden	

Anlegg

Kva skal gjerast?	Korleis skal det gjerast?	Kven skal gjere det?	Når skal det gjerast?	Resultat pr 2012
Kunstgras-bane	Opprette ein planleggingskomité, samarbeid mellom kommune og idrett. Realiserast ved dugnad, sponsor og spelemidlar	Idrettslaget og kommunen	2009	Kunstgrasbana stod ferdig hausten 2010.
Idretts- og kulturhall	Kommunen, idrett og kultur lag legg fra behov og komité utarbeider planer	Kommunen og byggekomité	2008/2009	Gomerhuset stod ferdig hausten 2010

Ski- og sykkeløype	Planlegge ei løype som kan brukast heile året, samarbeid mellom idrettslaga i kommunen og kommunen	Dugnad i idrettslaga og med hjelp frå teknisk etat i kommunen.	Årleg	Ikkje realisert!
Benkar i turløypene	Kommunen søker sparebanken om kulturmidlar	Kommunen	Etter kvart	Det er oppsett benkar og bord ulike plassar. LHL v/Odd Grande har starta eit metodisk arbeid når det gjeld benkar i turløypene.
Telt og rasteplassar m/lavvo	Skodje Jeger og Fisk planlegg	Dugnad og kommunen	Årleg	Det er bygt ny gapahuk ved Solnørelva, og knytt til den opparbeidd 200 m med gang-/sykkelveg frå enden av skogsvegen. NB! Universell utforming!
Ishall/kunstis	Planleggast felles med nabokommunane	Kommune, idrettslag, fylket	2015	
Skateboard/snowboard	Planleggast av ungdomsrådet	Kommunen og idrettslaga		
Parkerings-plass ved Sætrevegane, fiskeplassar og rastelavvoplasser	Idrettslag og kommunen planlegg saman	Kommunen og fylket	Fortløpande	Det har vore utviding av parkeringsplassen på Fylling ved garasjen til trakkemaskina. Også utviding av parkeringsplass i Sætravika.
Friidrettsbane	Opparbeidast av idrettslag saman med kommunen, vert finansiert ved dugnad, sponsorinntekter, kommune og spelemidlar	Idrettslaga og kommunen	Må sjåast i samanh. med bygging av kunstgrasbane.	Ikkje realisert!

Organisering

Kva skal gjerast?	Korleis skal det gjerast?	Kven skal gjere det?	Når skal det gjerast?	Resultat pr 2011
Organisere dugnad og gi alle mulighet til å delta	Klarare retningslinjer for deltaking -Dele opp oppgåvene - Definere kva oppgåver som skal utførast rundt drifta av ein organisasjon Oppfordrar folk til å delta og ikke kommandere folk til å delta (ex: no treng vi di hjelp i staden for no er det din tur). Delegere ansvar til dei ulike grupper/organisasjoner Lage organisasjonsplaner Heve kompetanser til dei som deltek Frikjøp/lønnskompensasjon til dei som leier	Styret og medl. i organisasjonane (laga, idrettsråd med meir) Krets og forbund Kommune Fylke	Fortløpand og i starten av kvart år e	Stor aktivitetsauke som resultat av realisering av kunstgrasbane og Gomerhuset. Det blir lagt ned svært mykje frivillig arbeid i frivillege lag og organisasjonar, og mange er positive til å ta i eit tak. Utfordringa er ofte å få leiarar på ulike nivå til å legge til rette og organisere oppgåver og innsats som må til.

Evaluering av handlingsprogramma 2009-2012

Det er blitt utarbeidd fire handlingsprogram med utgangspunkt i "Kommunedelplan for idrettsanlegg og anlegg for friluftsliv 2009-2021".

Av oppsettet under går det fram at fire ordinære anlegg anten er realisert eller er under slutføring.

Det er idrettsdelen på Gomerhuset, rehabilitering av 100m skytebane, kunstgrasbana og påbygg garasje til trakkemaskin på Fylling. For dei to siste prosjekta er det ikkje gitt tilsegn om spelemidlar.

Eitt rehabiliteringsprosjekt er under slutføring. Det gjeld klubbhuset til Skodje IL. Tilsegn om spelemidlar er gitt.

Av nærmiljøanlegg er turløypa i Utvika under opparbeiding, og sykkelløypa på Valle skal opparbeidast i samband med byggearbeidet på nyskulen no i haust. Tilsegn om spelemidlar er gitt.

Status på prioriterte prosjekt i desse handlingsprogramma er slik:

Prosjekt	Søkt spelemidlar?	Søknad godkjend?	Prosjekt ferdig?	Spelemidlar utbetalt?
Søknadsomgang 15. jan 2009				
Sykkelløype Valle skule	Ja	Ja	Nei	Nei
Skileikanlegg Valle				
Skodje fleirbrukshall(idrettsdel) og kulturhus(ombygg)	Ja	Ja	Ja	Ja
Skodje kunstgrasbane	Ja	Ja	Ja	Nei
Klubblokale til Skodje jeger og fiskeforening	Nei			
Skyttarlaget prosjekt 5, rehabilitering av 100m bane til elektroniske skiver	Ja	Ja	Ja	Nei
Søknadsomgang 15. jan 2010				
Sykkelløype Valle skule	Ja	Ja	Nei	Tilsegn gitt
Skileikanlegg Valle				
Skodje kunstgrasbane	Ja	Ja	Ja	Nei
Skodje kunstgrasbane 7-ar bane	Nei			
Skyttarlaget prosjekt 5, rehabilitering av 100m bane til elektroniske skiver	Ja	Ja	Ja	Ja
Rehabilitering av lysløype i Engesetdal	Nei			
Ominnreiing/ ombygging av klubbhus i Engesetdal	Nei			
Turløyper Engesetdal – Botnen - Storlia	Nei			
Merking av turstiar-Engesetdal	Nei			
Fiskebrygge for rørslehemma (Straumen)	Nei			
Tursti frå lysløypa til Murvika	Nei			
Tursti Valle/Glomset	Nei			
Søknadsomgang 15. jan 2011				
Turløyper Engesetdal – Botnen - Storlia	Nei			
Rehabilitering av lysløype i Engesetdal	Nei			
Turløyper Mørkeset - Juvågen	Nei			
Skodje kunstgrasbane	Ja	Ja	Ja	Nei
Skodje kunstgrasbane 7-ar bane	Nei			
Rehabilitering av klubbhus ved Skodje stadion	Ja	Ja	Oppstarta	Nei
Ominnreiing/ ombygging av klubbhus i Engesetdal	Nei			

Søknadsomgang 15. jan 2012				
Turveg mellom Mørkeset og Juvågen, byggetrinn 1	Ja	Ja	Oppstarta	Tilsegn gitt
Turveg mellom Mørkeset og Juvågen, byggetrinn 2	Nei			
Merking av turstiar	Nei			
Skodje kunstgrasbane	Ja	Ja	Ja	Nei
Rehabilitering av klubbhus ved Skodje stadion	Ja	Ja	Oppstarta	Tilsegn gitt
Garasje Skodje stadion	Nei			
Garasje for trakkemaskin på Fylling, påbygg	Ja	Ja	Oppstarta	Nei
Skodje kunstgrasbane 7-ar bane	Nei			

7. Forhold til andre planar

Den til ei kvar tid gjeldande kommuneplan vil gi klare føringar for prioriteringar i ein kommunedelplan. Særleg viktig blir det korleis kommunen styrer høvet til å bruke område til idrett og friluftsliv gjennom arealdelen av kommuneplanen.

Andre planer som fremjar/vektlegg fysisk aktivitet i kommunen er blant anna Trafikktryggingssplan 2002-2005, Barne- og ungdomsplan 2009-2011 og Ruspolitisk handlingsplan 2011-2012.

Gjeldande Trafikktryggingssplan har som hovudmål å redusere talet på trafikkulykker og har i liten grad eit helsefremjande perspektiv. Samtidig er dei fysiske tiltaka i planen (gang- og sykkelveggar, nedsenka kantstein osv.) med på å legge til rette for fysisk aktivitet i like stor grad som at dei gir tryggleik i trafikkbildet.

Hovudmål for Barne- og ungdomsplanen er at Skodje skal vere ein god kommune å vekse opp i, noko som blant anna inneber å få oppleve å høyre til, medverke og oppleve å meistre på alle arenaer.

Barnehage og skule skal og legge til rette for gode naturopplevingar i kommunen. Dette er heilt i tråd med kommunedelplan for fysisk aktivitet, der tiltaka delvis har samme mål og målgruppe.

I Ruspolitisk handlingsplan er fysisk aktivitet eit tiltak både for å førebyggje at ungdom under 18 år rusar seg, og eit rehabiliteringstiltak for rusmisbrukarar. Her kan nemnast at kommunen har fått midlar frå Fylkesmannen til å etablere lavterskeltilbod i Frisklivsentralen for rusmisbrukarar, noko som vil bli realisert hausten 2012.

8. Medverknad

Ved å skifte namn på planen frå "Kommunedelplan for idrettsanlegg og anlegg for friluftsliv" til "Kommunedelplan for fysisk aktivitet" skjer det eit viktig fokusskifte. Det er ikkje lenger ein plan berre for bygging av anlegg, men for *all* aktivitet både organisert og uorganisert, informasjon, motivasjon og ikkje minst folkehelse.

Dette planarbeidet har lagt opp til stor grad av medverknad frå innbyggjarane i kommunen. Generelle tiltak der alle kunne delta, var dei opne grendemøta og Facebook. I tillegg blei barn og unge sikra medverknad gjennom "Barnetråkk", dei eldre gjennom Eldrerådet og møte med Pensjonistlaget, og dei utviklingshemma gjennom møte med avdelingsleiarane ved Prestemarka bu- og dagtilbod.

Grendemøta

Seks opne grendemøte blei gjennomført over ein periode på tre veker i denne planprosessen. I forkant av desse møta fekk idrettslag og velforeiningar i kvar grend tilsendt alle dokument, og spørsmål om dei kunne opplyse om kva som allereie finst av idrettsaktivitetar, friluftaktivitetar og anlegg. Det var minst like viktig at dei opplyste om kva slags utfordringar dei har, og ønskjer for tilrettelegging. På denne måten fekk vi som planleggjarar eit godt innblikk i korleis dei driv aktivitet, organisert og uorganisert, og høvet til å danne oss eit bilete av aktivitetsnivået og utfordringar i kvar grend.

Det vart og gjennomført ein gruppediskusjon på kvart møte, med tre spørsmål:

Kva ønskjer vi av idrettsaktivitetar og anlegg?

Kva ønskjer vi av tilrettelegging for friluftsliv?

Kva ønskjer vi for å få ein aktiv kvardag?

Når alle var ferdige med å diskutere og skrive ned, var det oppsummering der kvar gruppe fekk presentere innspela sine. Ut frå dei ulike innspela vart det ofte diskusjonar i plenum der enda fleire innspel kom fram. Det var same utforming på alle dei seks møta.

Facebook

Det vart observert at det var fleire aldersgrupper som ikkje var representerte på grendemøta. I eit stadig meir digitalisert samfunn kor mange bruker mykje tid gjennom sosiale medium, vart det oppretta ei side på Facebook for å prøve å nå dei som ikkje stilte på grendemøte. Målgruppene var hovudsakleg dei under 40 år, men sjølvstøtt også andre. Dette var aldersgrupper som ikkje var sikra medverand gjennom andre tiltak enn grendemøta.

Facebooksida var aktiv frå 10. februar til 10. april. I løpet av den perioden vart link og oppfordring til å "like" sida og å komme med innspel publisert på ulike andre Facebooksider.

Eksempel på desse sidene er Gomerhuset, treningssenteret Puls'n og gi bort/kjøpe/selje-gruppa for Skodje kommune. I tillegg vart fleire innbyggjarar personleg inviterte.

Det var totalt 40 tilhengjarar av sida, og det kom inn gode innspel gjennom dette tiltaket. Det viste seg at den aldersgruppa ein ønska å nå, var nettopp dei som nytta seg av sida.

Ved seinare høve bør ein opprette side på Facebook kanskje allereie før oppstart av dei andre medverknadstiltaka, for at ein skal rekke å gjere det godt kjent for publikum at sida finst og at det er eit godt høve for medverknad.



Barnetråkk

Barn og ungdom vart sikra medverknad i planarbeidet gjennom "Barnetråkk". Dette er registreringar som vert gjort gjennom nettsida www.kartiskolen.no

Nettsida beskriv dette som ein metode for medverknad og betre planlegging for barn og unge. Aktørane registrerer sjølve kor dei oppheld seg i kvardagen sin; skule- og fritidsvegar, område for opphald og leik, stader dei likar/mislikar og kva slags fysiske forandringar dei ønskjer i nærmiljøet sitt. Dette gir kommunen oppdatert informasjon og kunnskap for betre planlegging for denne målgruppa, og barn og unge får reelt høve til å medverke i utvikling og utbetring av sine eigne omgjevnader. Å delta i Barnetråkk gir dei ei viktig innføring i demokrati, utvikling av stadidentitet, og gir dei ei kjensle av ansvar og deltaking i viktige samfunnsoppgåver. (<http://www.kartiskolen.no/innhold/barnetrakk/>)

Alle dei tre barneskulane og ungdomsskulen som er i Skodje kommune, vart utfordra til å delta på dette opplegget. Folkehelsekoordinator gav utvalde lærarar innføring i korleis det skulle gjerast, og

registreringane blei så utført parallelt med anna undervisning. Elevane var ivrige og engasjerte, og hadde gode datakunnskapar. Elevane skjønte fort korleis dei skulle utføre registreringane.

Møte med Pensjonistlaget

Dei eldre var ikkje godt representert på dei opne grendemøta. Fysisk aktivitet og helse er minst like viktig for denne aldersgruppa som for dei andre. Eldrerådet fekk tilsendt alle dokument og hatt høve til å uttale seg.

For å nå fleire eldre tok vi kontakt med Pensjonistlaget og fekk kome på eitt av møta deira. Dei er rundt 50 på kvart møte, så det er ei stor gruppe. Opplegget vi hadde på dette møtet var identisk med dei opne grendemøta.



Møte med avdelingsleiarane ved Prestemarka bu- og dagtilbod

Plan- og bygningslova seier blant anna: "Grupper og interessantar som ikkje er i stand til å delta direkte, skal sikrast gode moglegheiter for medverknad på annan måte." (<http://www.lovdatab.no/all/tl-20080627-071-008.html>)

I Skodje kommune har vi Prestemarka bu- og dagtilbod for personar med utviklingshemming. Dette er ei gruppe som ikkje er i stand til å delta direkte, og difor var det lagt opp til eit møte med avdelingsleiarane for å få innspel på brukarane sine vegne.

I forkant av dette møtet hadde folkehelsekoordinator gitt alle avdelingsleiarane kart over kommunen, og bedt dei markere kor brukarane oppheld seg, kor dei likar og mislikar å vere, kva ønskjer dei har for tilrettelegging m.m. Det var på ein måte ein papirversjon av Barnetråkk. I tillegg skulle avdelingsleiarane opplyse om kva slags aktivitetar dei driv med, og kva slags behov og ønskjer denne gruppa har for å kunne bli meir fysisk aktive.

9. Sikring av område for fysisk aktivitet

Friluftsområde er nødvendig for å legge til rette for gode oppvekstvilkår for barn og unge, og for å ta vare på god helse og oppleve eit godt liv for menneske i alle aldrar.

I Skodje kommune har vi fire område som er statleg sikra:

Mauren: Smalt sund mellom Ellingsøyfjorden og Grytafjorden. Viktige aktivitetar er fiske, bading, turar og båtliv. Området, som er på omlag 200 da, er løyst inn av staten og fleire opparbeidingstiltak er utført, mellom anna stiar. Det er bygd toalett og reiskapshus. Frstrand. P-plass både på nord- og sørsida av Fv 107. Sistnemde opparbeidd av Vegvesenet i 1993. Turveg-sløyfe med rullestolstandard på sørsida av Fv 107. Tilrettelagt i nyare tid med flytebrygge og badestige. Friluftsrådet for Ålesund og Omland har ansvar for drift og tilrettelegging.

Sætrevika: Opparbeidd parkeringsplass ved Sætrevika på 2 da. Skodje kommune står som grunneigar av området (gnr. 2 bnr. 294).

Storsæter: Opparbeidd parkeringsplass ved Storsætra på 2 da. Skodje kommune står som grunneigar av området.

Murvika badeplass: Mykje brukt badeplass i sentrum av Skodje. Deler av stranda er opparbeidd. Det er anlagt parkeringsplass og strandsona er tilrettelagt for opphald og lek. Toalett bygd i 2009. Delt ansvar mellom kommunen og Friluftsrådet for Ålesund og Omland. Friluftsrådet har per i 2011 ansvar for tilrettelegging og drift av toalett medan kommunen har ansvar for resten. Område vert brukt i stor grad av lokale skular og barnehagar, men vert og brukt av andre som til dømes padlarar m.fl.

Det er fleire måtar å sikre areal til ulike føremål:

Status i gjeldande arealdelplan
Bruksrettsavtalar med grunneigar
Kommunen kjøper/eig grunn
Statleg sikring av område

Område som ikkje er sikra anna enn gjennom ein reguleringsplan, kan fort bli omregulert til andre føremål.

Statleg sikring av område gir to vektige gevinstar:

Økonomisk støtte til innløyising av areal, og tilskot til drift av friluftsområda.
Sikring av områda for all framtid.

Same kva sikringsmåte som blir valt, er det viktig å legge opp til gode og opne prosessar med grunneigarane.

Gjeldande kommuneplan tek grundig opp behovet for sikring av areal til fysisk aktivitet i kap 4.3. Oppvekst og bumiljø. Kultur, idrett og friluftsliv.

Med utgangspunkt i klare føringar og signal i kommuneplanen vil det vere naturleg å arbeide for sikring av følgjande område:

Område	Grunngjeving for sikring	Korleis sikre?	Tidsplan for sikring
Prestegardsskogen	Sentrumsnært område med skular, barnehagar og idrettsanlegg som del av området. Ideelt for utbygging av helseløyper og turvegar med universell utforming.	Statleg sikring	2013
Gang- og sykkelvegar/ turvegar både i bygdelaga og mellom bygdelaga.	Etter møterunda i alle grendene er signala frå innbyggjarane klare: Skal vi ta tilbake kvardagsaktiviteten må vi ha gang- og sykkelvegar for å ferdast sikkert til fots og med sykkel.	Arealdelplan	Neste rullering
Grøntområde ved Straumsbruene	Område der vi kan fiske, raste, glede oss over flora, fauna og dei vakre Straumsbruene	Statleg sikring	2014
Gang- sykkelveg Skodje sentrum – Straumen	Gje tilkomst til dette praktområdet	Arealdelplan	Neste rullering
Frìområde på Hånjem.	Stor frukthage med bålplass ved sjøen.	Statleg sikring	2014
Langøya.	Øy i Ellingsøyfjorden som er nært knytt til staleg sikra friluftsområde av regional interesse; Mauren. Viktig for båtutfart.	Statleg sikring	2014

10. Allemannsretten

Allemannsretten, retten til fri ferdsel og opphald i utmark, er fundamentet for det enkle friluftslivet. Den gir oss rett til å gå fotturar i skog og fjell, gå på ski i marka om vinteren og sykle, ake og ri på stiar og vegar.

Allemannsretten er nedfelt i friluftsløva og byggjer på respekt for miljøverdiar, eigarar og andre brukarar.



Det er avgjerande for omfanget av allemannsretten om det aktuelle området er innmark eller utmark. Allemannsretten er mykje vidare i utmark enn i innmark.

I utmark kan du ferdast overalt til fots og på ski og raste der du vil.

Kva slags ferdsel og bruk kan tillatast i innmark?

Alle kan ferdast fritt til fots i innmark når marka er frossen eller snølagt. Dette gjeld uansett ikkje i tidsrommet 30.04 – 14.10.

Det betyr at ein ikkje har rett til rasting, solbad, overnatting eller liknande, med mindre ein har løyve frå grunneigar eller brukar.

Det er ikkje alle som kjenner innhaldet i Friluftsløva godt nok.

Det kan dermed oppstå unødig spenning dersom nokon i god tru går ut over den bruken allemannsretten opnar for.

Men manglande kjennskap kan også avgrense det utfaldingsrommet ein faktisk har høve til i skog og mark.

Tiltak i denne samanhengen er informasjon om friluftsløva og allemannsrett.

Gode hugsereglar:

Bli kjent med friluftsløva og allemannsretten

Spør om løyve dersom du er i tvil

Ta omsyn når du ferdast i naturen

11. Status av nosituasjonen i kommunen

Skodje har 5 reine idrettslag og 2 kombinerte idrettslag og velforeiningar rundt om i krinsane i kommunen.

Heile kommunen er såleis dekkja av lag som driv organisert idrettsaktivitet, eller legg til rette for uorganisert fysisk aktivitet.

Laga er:

Skodje IL, Valle IL, Stettevik sportsklubb, Glomset IL, Engesetdal IL, Brusdal idretts- og velforeining og Utvikbygda vel- og idrettsforeining.

Av særiddrettar med eigne lag i kommunen har vi Engesetdal og Skodje skyttarlag og Skodje Trial-klubb.

I tillegg til desse aktivitetane har Ålesund og omland golfklubb sitt hovudanlegg på Solnør gård, med den einaste 18-hols golfbana mellom Trondheim og Bergen.

Friluftsrådet for Ålesund og omland, og også Skodje Jeger- og fiskarforeining legg til rette for friluftsliv i kommunen.

Skodje kommune har i 2012 tre barneskular og ein ungdomsskule med tilhøyrande ballplassar og gymnastikksalar.

Det er i kommunen også to skulebygg som ikkje er i drift som skule lenger, men som har gymsal og uteplass knytt til seg.

Standarden varierer sterkt, men samla sett gir dette ei god fordeling av moglegheitene for idrettsleg aktivitet.

Alle krinsane har skuleplass med ulike moglegheiter for fysisk aktivitet.

Dei kommunale bygga vert stilt fritt til rådvelde for laga.

Idrettslaga i kommunen driv tilrettelegging for idrett, trim og friluftaktivitetar.

Idrettslaga driv mellom anna rydding og merking av turstiar og løypetrasear, og oppkjøring av skiløyper vinterstid. Idrettslaga er også aktive i å utvikle anlegg, og har realisert mange prosjekt.

Det er i samarbeid med Friluftsrådet bygd bru over elva mellom Svarteløkvatnet og Mevatnet, noko som gjev eit heilskapleg tilbod med skiløypenett mellom Skodje, Ørskog og Vestnes kommunar.

Idrettslag i dei tre kommunane samarbeider om preparering av løypenettet. Løypenettet er blitt svært populært, og blir brukt av heile regionen.



Idrettslaga i kommunen driv ulikt, men med jamt over god aktivitet. Dette er naturleg sidan storleiken på laga er svært ulik og drifta av idrettslaga er basert på frivillig arbeid.

Skodje kommune er medlem av Friluftsrådet for Ålesund og omland. Rådet driv mellom anna friluftsområdet i Mauren og tek også del i drift av friluftsområdet i Murvika. Begge desse områda er statleg sikra. Friluftsrådet har også forvaltningsansvaret for eit kommunalt eigd område på Håhjem der det m.a. er ein eplehage og bål- og badeplass.

Friluftsrådet for Ålesund og omland har lagt ut flytebrygger i kommunen og har vedlikehaldsansvar for desse.

Skodje kommune har 3 kommunalt sikra friluftsområde/badeplassar.

Skodje har ein fiskeplass (Dragsundet) som er tilrettelagt for rørslehemma. Denne er opparbeidd av Skodje jeger- og fiskarforeining. Både av omsyn til trafikkbildet og fredningstider for laksen som skal opp i Solnøelva, er det ønske om å flytte denne fiskeplassen til ein annan stad.

Aktiviteten i dei ulike krinsane er som følgjer:

Stette krins: Barneidrett med fleire typar idrett, bedriftsfotball, trim for vaksne, trimturar og anna sosial aktivitet for krinsen.

Brusdal krins: Barneidrett med fleire typar idrett/fysisk aktivitet, trim, aktivitetsskveldar for barn og ungdom — rusfritt.

Engesetdal krins: Barneidrett med fleire typar idrett, ski, trimturar og skyting. Trim for vaksne og sosiale aktivitetar. Arrangerer turmarsjar og turrenn på ski.

Utvikbygda krins: Barneidrett, trim og trimturar.

Skodje krins: Barneidrett med fleire typar idrett, fotball for barn, ungdom og vaksne, ski, trim for vaksne, volleyball og trimturar. Med det nye Gomerhuset er det oppretta både handball- og bordtennisgrupper innan Skodje idrettslag. Alle som er medlem i eit idrettslag kan også kostnadsfritt gjere seg bruk av trimrommet på Gomerhuset. Vilkåret er at personar over 18 år er til stades og tek ansvar for aktiviteten.

I 2. et. i bankbygget er det etablert eit kommersielt trimtilbod; helsestudioet "Puls'n"

Alle lag legg ned eit stort arbeid for at barn og unge skal få så gode oppvekstvilkår som mogleg. Det vert arbeidd kontinuerleg med at aktiviteten skal verke sosialt inkluderande og som eit rusførebyggjande tiltak.



Valle og Glomset krins: Barneidrett med fleire typar idrett, fotball, trim for vaksne og trial-kjøring.

12. Analyse av behov for aktivitet og anlegg

Tilbakemeldingane frå grendemøta og andre som er spurt i rulleringa av Kommunedelplan for fysisk aktivitet, har nokre klare tendensar:

Det er lite fokus på ordinære anlegg som legg til rette for organisert aktivitet. Vonleg kan det tolkast som at kommunen har fått på plass mykje av dei ordinære anlegga det er behov for.

Dei fleste tilbakemeldingar går på gang- og sykkelveg, nærmiljøanlegg, møteplassar, fysisk tilrettelegging for leik og uorganisert aktivitet, helseløyper, aktivitetstiltak og parkering.

Det er med andre ord den uorganiserte kvardagsaktiviteten som må stimulerast og leggjast til rette for.

Gang- og sykkelveg med god belysning internt i grendene og mellom bygdelaga er utan samanlikning mest ønska og etterspurt.

Gang- og sykkelveg gir høve til aktivitet utan å måtte bruke bil, anten det er å ta seg til jobb, utføre eit ærend eller gå, jogge og sykle for å trimme.

Ein trygg gangveg blir også ein viktig uformell møteplass.

I vinterhalvåret har vi fleire månader med mørke frå kl 4-5 om ettermiddagen. Denne årstida blir lett inaktiv. I grendemøta var det klare signal om at brøytt gangveg med lys ville hjelpt mange ut.

I kartlegginga blir det tydeleg at kommunens ansvar for tilrettelegging for dei med spesielle behov kan betrast med relativt små midlar.

Kommunens nyoppstarta Frisklivsentral vil kunne gi eit lågterskeltibod til fleire grupper og hjelpe enkeltindivid til livsstilsending.

Tilbodet her bør ikkje avgrensast til å gjelde vaksne over 18 år, men også barn og familiar.

Ein utstyrssentral knytt til ein framtidig Frivilligsentral ville og kunne bidra til å inkludere fleire i allereie eksisterande aktivitetar.

Oppfølging av leikeplassar, og retningslinjer for desse, er og ein måte å sikre at barna sine behov blir ivaretatt.

Det er og ein mulegheit å knytte aktivitetskontaktordninga opp mot barn og grupper i større grad enn i dag. Dette ville kunne gi barn eit breiare tilbod av lågterskelaktivitetar og tettare oppfølging for dei som treng det.

13. Kortsiktig handlingsprogram for anlegg og område 2013-2017

Handlingsprogrammet prioriterer søknader om spelemiddel.

Handlingsprogrammet er delt i ein kortsiktig, prioritert del og ein langsiktig, uprioritert del.

Det kortsiktige handlingsprogrammet har eit tidsperspektiv på 4 år, og skal rullerast kvart år. Prosjekt må vere prioritert for å kunne søke spelemidlar.

Det tar utgangspunkt i vurdering av nye anlegg og område, prioritert etter mål og strategiar, med grunnlag i behovsvurderingar på aktivitetssida.

Handlingsprogrammet skal innehalde handlingsprogram for anlegg og område – ordinære anlegg/rehabilitering med kostnadsramme over kr 150.000,- og nærmiljøanlegg med kostnadsramme over kr. 80 000,-. Det skal også gå fram plan for finansiering, drift og vedlikehald.

Prosjekt som får godkjent spelemiddelsøknaden, men ikkje får tilsegn om spelemidlar, må prioriterast i handlingsprogrammet til tilsegn er gitt.

Nærmiljøanlegg 2013-2017.

Alle beløp i 1000 kr

Pri	Prosjekt	Søkjar	Utbyggingsår	Status søknad	Kostnads-overslag	Finansiering		
						Andre	Komm	Spelem
1	Turveg mellom Mørkeset og Juvågen, byggetrinn 2	Utvikbygda vel- og idrettsforening	2014	Ny 2014	400	200		200
2	Merking av turstiar	Engesetdal IL og Skodje IL	2014	Ny 2014				

Ordinære anlegg / rehabilitering 2013-2017.

Alle beløp i 1000 kr

Pri	Prosjekt	Søkjar	Utbyggingsår	Status søknad	Kostnads-overslag	Finansiering		
						Andre	Komm	Spelem
1	Skodje kunstgrasbane	Skodje kommune	2010	Fornyng 2013	7500	1900	3100	2500
2	Garasje for trakkemaskin på Fylling, påbygg	Skodje IL	2012	Fornyng 2013	210	140		70
3	Opprusting av lysløypa i Skodje sentrum	Skodje IL	2013	Ny 2013	1390	695		695

Aktuelle, uprioriterte tiltak i perioden 2013-2025

Aktuelle, uprioriterte tiltak er prosjekt som er meldt inn som ønskjer og behov i medverknadsprosessen med kommunedelplan for fysisk aktivitet.

Vi har delt ønska inn i seks område:

Ordinæreanlegg/rehabilitering

Nærmiljøanlegg

Aktivitetstiltak

Gangveg/gatelys

Parkering

Interkommunale tiltak

Mange ulike interessgrupper har fått kome med ønske. For å yte rettferd har vi teke med alle innspel. Nokre tiltak kan derfor kome att fleire gonger.

Vi har laga tabellar for kvart tiltaksområde, og delt inn i Tiltak, Meldt (kven som har kome med ønsket) og Tiltakshavar (kven det er naturleg å utfordre til å utføre tiltaket).

Forkortingar som er brukt i tabellen:

GM St – Grendemøte Stette

Gm E/F – Grendemøte Engesetdal og Fylling

Gm Sk – Grendemøte Skodje

Gm G – Grendemøte Glomset

Gm B/U – Grendemøte Brusdal og utvika

Gm V – Grendemøte Valle

frifaa – Friluftsrådet for Ålesund og omland

SJFF – Skodje jeger- og fiskerforening

B.tråkk – Barnetråkk

Pr.marka – Brukarar og tilsette ved Prestemarka

Pensj.lag – Skodje Pensjonistlag

Idr/velfor. – Idrettslag og/eller velforeiningar

Kommers – Kommersiellle interesser

Ordinære anlegg / rehabilitering

Tiltak	Meldt	Tiltakshavar
Ønskje om eit lite trimrom med trimsyklar, tredemølle og stepmaskin i det nye grendehuset i Utvika	Gm B/U	Idr/velfor.
Grendehuset i Utvikbygd må byggast opp igjen! Her er det gode moglegheiter for organiserte og uorganiserte aktivitetar	Gm B/U	Idr/velfor.
Fotballhall med klatrevegg (fleirbrukshall)	Gm Sk	Idr/velfor.
Mini friidrettsanlegg	Gm Sk	Idr/velfor.
Symjehall/badeland	Gm Sk	Kommers
Skitrekk	Gm Sk	Idr/velfor.
Bowlinghall (for eksempel i Prix-bygget)	Gm Sk	Kommers
Omlegging av ein del av skiløypene	Gm Sk	Idr/velfor.
Squashhall	Gm Sk	Kommers
Lysløype frå Reitane mot Kvennhuslia	Gm Sk	Idr/velfor.
Skiløyper med forgreining inn i bustadområder	Gm Sk	Idr/velfor.
Samanhengande sykkelløyper der skiløypene går no.	Gm E/F	Idr/velfor.
Aukande folketal aukar behovet for bygningar, for eksempel gymsal/bane	GM St	Kommune
Opplyst fotballbane for heilårsdrift (må brøytast om vinteren) Timer på lyset, ein time i gongen?	GM St	Idr/velfor.
Det er eit sterkt ønskje om symjebasseng i kommunen	Pensj.lag	

Nærmiljøanlegg

Tiltak	Meldt	Tiltakshavar
Få satt i stand fotballbana i Brusdal	Gm B/U	Idr/velfor.
Få satt i stand sykkelbana rundt/ved fotballbana i Brusdal	Gm B/U	Idr/velfor.
Gapahuk ved Rødlandstua og tremannsvatna + tilrettelegging av området rundt vatna i nærleiken av toppen	Gm B/U	Idr/velfor.
Betre merking av turløyper i fjellet i kommunen	Gm B/U	Idr/velfor.
Rydding og merking av turveg Høyvika-Rødlandstua og Tøssebrua	Gm B/U	Idr/velfor.
Flytebryggjer/leirplassar på øyane/holmane i Ellingsøyfjorden	Gm B/U	Idr/velfor.
Tilrettelegging for aktivitetar i området sommar og vinter (padling, bading og grilling om sommaren, skøyteis om vinteren)	Gm B/U	Idr/velfor.
Gapahuk ved Nøre Botnen i Brusdal	Gm B/U	Idr/velfor.
Benkar langs vegen gjennom Brusdalsbygda	Gm B/U	Idr/velfor.
Ønskje om trakkemaskin, 3 stk lyskastarar og enkelt "trekk"/taubane for ski/akebakke i Brusdal. Dag Brusdal vil stille marka si til disposisjon. Det er meininga at dette skal vere eit tilbod for alle aldersgrupper.	Gm B/U	Idr/velfor.
Badeplass ved sjøen	Gm G	Idr/velfor.
Benkar langs turstiar og ved grillplass	Gm G	Idr/velfor.
Vidareføring av rydding og merking av turstiar.	Gm G	Idr/velfor.
Opparbeiding av fleire turløyper	Gm G	Idr/velfor.
Oppslagstavle som viser kvar stiane/turvegane går	Gm G	Idr/velfor.
Gapahuk med bålgrue ved fremste osen ved Glomset	Gm G	Idr/velfor.
Ballbinge ved gamleskulen	Gm G	Idr/velfor.
Gapahuk ved lysløypa	Gm V	Idr/velfor.
Turveg med lys der lysløypa er i dag	Gm V	Idr/velfor.
Arbeider med å bygge lavo i nærleiken av skulen, manglar berre tak. Håpar å kople denne til lysløypa. Har og planar om å bygge utedo i tilknytning til dette.	Gm V	Idr/velfor.
Behalde lysløypa ved skulen etter utbygginga.	Gm V	Idr/velfor./kommune
Oppgradering av dagens lysløype ved skulane og barnehagen i form av grusing, drenering og toalett. Vil bruke den til fotturar, sykling, for rullestolbrukarar og ha moglegheit til å trille barnevogn der.	Gm Sk	Idr/velfor.
Skileikbakkar med lys	Gm Sk	Idr/velfor.
Leikeplassar i sentrum	Gm Sk	Idr/velfor.
"Klatrejungel" i tilknytning til lysløypa	Gm Sk	Idr/velfor.
Varmestue i tilknytning til skiløypene	Gm Sk	Idr/velfor.
Universelt utforma sjøsti frå Grindvika mot Murvika/ Tursti/gangveg langs sjøen	Gm Sk	Idr/velfor./kommune
Gapahukar, bålplassar og benkar i samanheng med eksisterande skogsvegar/turløyper	Gm Sk	Idr/velfor.
Setje i stand og ta i bruk den kommunale badeplassen på Fylling	Gm Sk	Kommune
Leikeplass og ballbinge ved skulen	Gm E/F	Kommune
Opprette badeplassar som er meint for alle. Blanda følelsar for å opne for alle ved privateigde badeplassar. Flytebrygge med naust i tilknytning som kan brukast til padling, bade- og grillplass	Gm E/F	Idr/velfor./kommune
Lysløype for ski og turgåing på 1,5 km, Stette	GM St	Idr/velfor.
Ballbinge midt i bygda, Stette	GM St	Idr/velfor.
Badeplass med strandanlegg i Stettevika	GM St	Idr/velfor.
Rydding av skogsvegar/turvegar	GM St	Idr/velfor.
Utbedring/vedlikehold av leikeplass på Valle.	B.tråkk	Idr/velfor.
Ballbinge på Stette	B.tråkk	Idr/velfor.
Skileik anlegg ved Støråk på Stette	B.tråkk	Idr/velfor.
Platting ved Notanaustet på Stette	B.tråkk	Idr/velfor.
Legge til rette for lavterskelaktivitetar i området rundt stadion, lysløypa og Murvika. Blant anna flytebrygge, sansestimulering, sandkasser, fleire	B.tråkk	Idr/velfor./kommune

grillplassar, benkar og bord, bru over til Brennholmen.		
Tavle i Skodje sentrum med oversikt over turmål i kommunen	Pr.marka	Idr/velfor./kommune
Betre merking av turløyper/stiar	Pr.marka	Idr/velfor./kommune
Turveg langs sjøen frå Murvika til Straumen, dette hadde i alle fall blitt mykje brukt av brukarane ved Prestemarka	Pr.marka	Idr/velfor./kommune
Fleire badeplassar for alle	Pr.marka	Idr/velfor./kommune
Brygge med landgang i Murvika, slik at brukarane kjem seg lettare opp i båtar	Pr.marka	Idr/velfor./kommune
Ønskjer at området rundt Dagsenteret vert meir tilrettelagt som ein felles møteplass for alle boligane ved Prestemarka. Setje opp benkar, bord og liknande.	Pr.marka	Kommune
Innslag av sansestimulering i fellesområdet som er ønska rundt Dagsenteret, jamfør park i Tyskland som Nils Hasselberg kjenner godt til.	Pr.marka	Kommune
Merking av alle stiane opp til Niusen, gjerne med vanskegrad	Pr.marka	Idr/velfor./kommune
Bru frå Murvika og ut til ein holme ein kan gå til når det er fjøre, inspirert av leirskulen Haugland	Pr.marka	Idr/velfor./kommune
Merking av løype til Grindviksætra	Pr.marka	Idr/velfor./kommune
Når fiskeplassen i Dragsundet vert flytta er det viktig at det også vert lagt vekt på universell utforming, slik at den kan brukast av alle.	Pr.marka	frifaa/SJFF
Benkar langs turstiane	Pensj.lag	Idr/velfor.
Fleire anlegg i krinsane	Pensj.lag	Idr/velfor.
Fleire stiar som går utanfor trafikkerte vegar	Pensj.lag	Idr/velfor.
Opplyste turstiar	Pensj.lag	Idr/velfor.
Asfalterte turstiar for rullator og rullestol brukarar	Pensj.lag	Idr/velfor.
Utarbeiding av turkart	Pensj.lag	Idr/velfor./kommune
Universelt utforma strandpromenade i Murvika, viktig med utbetring av tilkomsten til sjøen for alle	Pensj.lag	Idr/velfor./kommune
Lysløypa på Skodje må setjast i stand, med blant anna grøfting	Pensj.lag	Idr/velfor.
Setje opp benkar langs gangvegar og turstiar, eldre og små born treng pausar for å kunne gå lengre turar	Pensj.lag	Idr/velfor.
Samordna merking og markedsføring av dette mangfaldet av moglegheiter for fysisk aktivitet.	Facebook	Idr/velfor./kommune
Preparert ski-/akebakke for ungane	Facebook	Idr/velfor.
Ballbinge og leikeplass med nokre leikeapparat for ungane i Engesetdalen	Facebook	Idr/velfor.
Det hadde vore veldig kjekt å fått lysløypa i industriområdet på Stette i drift igjen.	Facebook	Idr/velfor.

Aktivitetstiltak

Tiltak	Meldt	Tiltakshavar
Arrangere skidagar om vinteren og fjellturar om sommaren	Gm B/U	Idr/velfor.
Arrangere gym, dans, innebandy og fotball for barn når det nye grendehuset i Utvika vert sett opp igjen	Gm B/U	Idr/velfor.
Arrangere yoga, pilates, zumba og styrkeøving for vaksne når det nye grendehuset i Utvika vert sett opp igjen	Gm B/U	Idr/velfor.
Arrangere skidag igjen i Utvika	Gm B/U	Idr/velfor.
Skøyteis på fotballbana/Natvikdemma?	Gm B/U	Idr/velfor.
Organisere turgåing ein fast dag i veka	Gm G	Idr/velfor.
Arrangere familieturar	Gm G	Idr/velfor.
Ønskjer at idrettslaget drar i gang fellesturane igjen	Gm G	Idr/velfor.
Organiserte friluftaktivitetar for born	Gm V	Idr/velfor.

Forslag om oppretting av felles turlag i kommunen	Gm V	Idr/velfor./kommune
Ønsker samarbeid for å lage ein plan for bruk av området ved kunstgrasbana og rundt skuleområdet. Samarbeid mellom kommunen, skule, barnehage og idrett	Gm Sk	Idr/velfor./kommune
Orienteringskart	Gm Sk	Idr/velfor.
Meir variert organisert aktivitet for store og små born	Gm Sk	Idr/velfor.
Dans (det finst seniordans og dansekurs for born og tenåringar gjennom ungdomslaget)	Gm Sk	Idr/velfor.
Turorientering – påskot for å kome seg ut, oppdage nye turvegar	Gm Sk	Idr/velfor.
Geocaching – skattejakt i naturen	Gm Sk	Idr/velfor.
Ha god informasjon om kva som finst av moglegheiter for fysisk aktivitet, organisert og uorganisert, i heile kommunen. Nyttig for både tilflyttarar og andre	Gm Sk	Idr/velfor./kommune
"Sykle-til-skulen" konkurranse	Gm Sk	Kommune
Oppslagstavle med kart over området og kvar turstiane og postkassene er	Gm E/F	Idr/velfor./kommune
Sms-teneste for å informere bygdefolket om kva som skjer kan vere aktuelt, fleire saman gjer aktivitet kjekkare	Gm E/F	Idr/velfor.
Integrering av utanlandske tilflyttarar	Gm E/F	Idr/velfor./kommune
Lage møteplassar, det nyoppstarta bygdelaget kan få til mykje bra	Gm E/F	Idr/velfor.
Aktivitetar tilpassa alle nivå og aldrar. Stettevik sportsklubb er viktig.	GM St	Idr/velfor.
Kommunen kan ha utstyr til maskinell rydding av skogsvegar/turvegar	GM St	Kommune
Plassering av benkar samt informasjon om og merking av turløyper	GM St	Idr/velfor.
Turskilt i Skodje sentrum og merka løyper.	B.tråkk	Idr/velfor.
Trafikkvakt ved vegkryss/overgang nord for Skodje skule	B.tråkk	Kommune
Organisert trening for eldre ein gong i veka på trimrommet i Gomerhuset	Pensj.lag	Idr/velfor./kommune
Treningsinstruktørar for eldre	Pensj.lag	Idr/velfor./kommune
Gåtur med leiar ein gong i veka. Den kan delast opp i fleire grupper etter nivå	Pensj.lag	Idr/velfor./kommune
Arrangere turar, her er mange moglegheiter. Premiering for flest turar?	Pensj.lag	Idr/velfor./kommune
Opprette motivasjonsgruppe for dei som slit med å kome seg ut og vere fysisk aktive, der ein i fellesskap motiverar kvarandre til å gjere ulike aktivitetar gjennom heile året	Facebook	Idr/velfor

Gangveg/gatelys

Tiltak	Meldt	Tiltakshavar
Gatelys langs hovudveg og turveg i Utvika	Gm B/U	Kommune
Lys i skiløypene på Fylling	Gm B/U	Idr/velfor.
Fylle på med fleire gatelys gjennom bygda i Brusdalen, slik at heile området er opplyst	Gm B/U	Kommune
Opprusting av den kommunale vegen over fjellet mellom Utvikbygd og Brusdal, denne vert mykje brukt i kommunikasjon mellom bygdene og til turveg	Gm B/U	Kommune
MÅ ha gang og sykkelveg med lys gjennom bygda med forbindelse til Valle for å ha moglegheit til å vere fysisk aktive i nærmiljøet, og for å oppnå trivsel i bygda	Gm G	Kommune
Lys på Nerstølsveien	Gm G	Idr/velfor.
Gatelys i bygda er svært viktig for fysisk aktivitet på Valle	Gm V	Kommune
Sykelsti rundt Skodjevika	Gm Sk	Kommune
Gangvegar i heile kommunen	Gm Sk	Kommune
MÅ ha gang/sykkelveg med gatelys gjennom bygda, mørkt og smal veg opplevast som farleg	Gm E/F	Kommune

Tilgang til området frå Stettetunellen – Stetteneset - Juvågen	GM St	Kommune
Gangveg langs FV661 – Stettetunellen - Industriområdet	GM St	Kommune
Trygg kryssing av hovudvegen	GM St	Kommune
Trygg turveg til Mauren	GM St	Kommune
Bedre utbygging av gang- og sykkelveg i hele kommunen	B.tråkk	Kommune
Ny asfalt på Gamlevegen på Stette	B.tråkk	Kommune
Gangveg frå Grindvika til Straumen	Pr.marka	Kommune
Det er problematisk å komme seg til/frå Dragsundet utan bil, "palmesvingen" er skummel og tunellen burde ha fortau.	Pr.marka	Kommune
Samanhengande gang og sykkelveg i kommunen	Pensj.lag	Kommune
Gang og sykkelveg må vere prioritert i utkantane, og ikkje berre i sentrum!	Pensj.lag	Kommune
Betre strøing av vegane	Facebook	Kommune
Gang og sykkelveg frå Valle til Skodje	Facebook	Kommune
Flytte 50-fartsgrensa i Engesetdalen til forbi hytta til Hågensen og lavare fartsgrense oppover mot Storsætra. Gjerne nokre fartsdumpar, og sist men ikkje minst meir lys langs vegane i Engesetdalen slik folk kan gå tur utan at ein må ha både lommelykt og hovudlykt for å kunne sjå kvar ein går og kven ein møter	Facebook	Kommune
Gang- og sykkelsti rundt Svortavatnet. Ikkje asfaltert, men ein med grus og trerøter	Facebook	Kommune
Gang og sykkelveg eller tursti fra Stette til Skodje, eller i det minste frå Stette og til småbåthavna/Stetteneset	Facebook	Kommune
Fartsdumpar på gamlevegen gjennom Stette, og "Born leikar"-skilt.	Facebook	Kommune

Parkering

Tiltak	Meldt	Tiltakshavar
Parkering ved Svortavatnet	Gm B/U	Kommune
Betre parkeringsmoglegheiter ved skiløypene på Fylling	Gm B/U	Idr/velfor./kommune
Opparbeiding av parkeringsplass for turgåarar vest for gamleskulen (Johan Honningdal er grunneigar)	Gm G	Idr/velfor./kommune
Vidare opparbeiding av parkeringsplass ved kommuneveg/fjordamannsvegen	Gm G	Idr/velfor./kommune
Betre parkeringsmoglegheiter ved turvegane	Gm Sk	Idr/velfor./kommune
Bilane må vekk frå grusbana ved ungdomsskulen, dei tilsette må få anna parkeringsmoglegheit	Gm Sk	Kommune
Parkeringsplassane ved skiløypene/turløypene må utvidast	Gm E/F	Idr/velfor./kommune
Parkering ved start på turvegane Støråk/Niuse	GM St	Idr/velfor./kommune

Interkommunale tiltak

Tiltak	Meldt	Tiltakshavar
Håhjem – knytte friluftsområdet med veg til Dragsundet	frifaa	frifaa
Flytting av fiskebrygge i Dragsundet	frifaa	frifaa/SJFF
Åsenråsa/ Ivar Åsen sine botaniske registreringar	frifaa	frifaa
Turstiar Mauren, utbetring	frifaa	frifaa
Båtportkart Skodjevika/Ellingsøyfjorden/Storfjorden	frifaa	frifaa
Brosjyrer/info skiløyper Svarteløkområdet	frifaa	frifaa
Stirydding og merking - Holsfjellet/Raudlandstuva	frifaa	frifaa

14. Drift og vedlikehald

Skodje kommune gir driftstilskot til frivillege lag gjennom kulturmidlar og gode rammer for bruk av skulebygningar, Gomerhuset og skuleanlegg.

Kommunen betaler årleg medlemskontingent til Friluftsrådet for Ålesund og omland. Friluftsrådet for Ålesund og omland har driftsansvar for tiltak i sine område.

Det er elles klare vilkår til plan for drift og vedlikehald i samband med søknad om spelemidlar.

Mange nærmiljøanlegg er knytt til kommunale bygg og ligg på kommunal grunn. Kommunen er garantist for drift og vedlikehald av desse anlegga, ikkje minst når det gjeld tryggleik.

Kjelder

Planar i Skodje kommune:

Kommuneplan 2007-2017

Trafikktryggingsplan 2002-2005

Barne- og ungdomsplan 2009-2011

Ruspolitisk handlingsplan 2011-2012

Planstrategi 2012-2016

Lover:

LOV 2011-06-24 nr 29: Lov om folkehelsearbeid (folkehelseloven)

LOV-1957-06-28-16 Lov om friluftslivet (friluftsloven)

Anna:

Rita Orheim Engeset; "Å følge en planprosess i Skodje kommune med fokus på medvirkning", Bacheloroppgave i planlegging og administrasjon, IPA210A, Vårsemesteret 2012

Departementene, Handlingsplan for fysisk aktivitet 2005-2009, "Sammen for fysisk aktivitet"

Kulturdepartementet; "Kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet" (V-0798).

Kulturdepartementet, "Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2011"

Møre og Romsdal fylkeskommune, "Transportstrategi for gåande og syklende i Møre og Romsdal 2010-2019"

Miljøverndepartementet; Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegginga, 2008

Nettstaden; www.kartiskolen.no